

Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Terje Kallekleiv	FE - 231	14/1147

Saknr	Utval	Type	Dato
116/2014	Formannskapet	PS	18.11.2014
	Kommunestyret	PS	

Avgift Renovasjon 2015 - Masfjorden kommune

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Renovasjonsgebyr for 2015 i Masfjorden kommune (eks.mva) vert som følger:

Renovasjonsgebyr 2015	Rabatt/tillegg*	Utan heimek.	Med heimek.**
Restavfall kvar 4. veke, 140 liter	kr 320,00	kr 2 520,00	kr 2 120,00
Restavfall kvar 2. veke, 140 liter	Utgangspunkt	kr 2 840,00	kr 2 440,00
Restavfall kvar 2. veke, 240 liter	kr 320,00	kr 3 160,00	kr 2 760,00
Hytterenovasjon		kr 1 420,00	

* Rabatt/tillegg for sjeldnare tøming / større dunk er oppgjeve utan mva. kr 320,00 + mva. = kr 400.

** Rabatt for heimekompostering er kr 400 utan mva / kr 500 med mva.

Heimek

Ureiningslova §34.

Saksopplysningar:

Bakgrunn

Masfjorden kommune har motteke gebyrvedtak gjort i NGIR sitt representantskap 27.10.2014 for gebyrsatsar 2015. Kommunen blir bedt om å vurdere satsane i vedtaket og sjølv fatte sitt vedtak vedr. gebyrsatsane for 2015.

Fakta

NGIR skriv følgjande i si utgreiing:

"Renovasjonsgebyret har vore uendra i perioden 2012-2014. Renovasjonsgebyret i 2015 må aukast for å dekke auka kostnader. Auken vil vera mellom 2,6% og 3,9% alt etter kva abonnement ein har. Eit normalabonnement (som dei fleste har) vil få ein auke på 2,9%. I økonomiplanen for 2014-2017 var det kalkulert med at renovasjonsgebyret skulle auke med

5,9% frå 2014 til 2015."

Sjølvkostrekneskap og forventa endring av utjamningsfond:

Sjølvkostrekneskapen viser eit underskot på kr 2 714 013 for 2015, som er tenkt finansiert ved bruk av midlar frå utjamningsfondet.

Resultat 2015	-1 596 000
+ Rentekostnader	379 874
- Renteinntekter bankinnskot	462 867
- Kalkulatorisk rentekostnad	1 035 020
= Sjølvkostresultat	-2 714 013

Utjamningsfondet er forventa å verta redusert frå kr 6 371 861 per 01.01.2014 til kr 938 114 ved utgongen av budsjettåret, under føresetnad av at ein nyttar kr 2 896 328 av fondet i inneverande år som budsjettert.

Utjamningsfond 01.01.2014	6 371 861
Budsjettert avsetning til (+)/ bruk av (-) utjamningsfond 2014	-2 896 328
Kalkulert rente utjamningsfond 2014	122 105
Budsjettert avsetning til (+)/ bruk av (-) utjamningsfond 2015	-2 714 013
Kalkulert rente utjamningsfond 2015	54 489
Budsjettert utjamningsfond 31.12.2015	938 114

Vurdering

Representantskapet i NGIR har slik vedteke å **auke** gebyrsatsane frå 2014 til 2015. "Sjølvkostprinsippet" skal liggje til grunn utrekning av renovasjonsgebyret i dei representerte kommunane. For 2015 viser sjølvkostrekneskapet til NGIR eit berekna underskot på

kr. ÷ 2 714 013,- og som NGIR dels vil dekke inn gjennom auka gebyr - og dels gjennom utjamningsfondet som pr. 31.12.2015 er forventa med eit resultat på + 938 114,-.

Konklusjon

Rådmannen rår til at renovasjonsgebyret i Masfjorden kommune vert i samsvar med forslaget – der sjølvkost ligg til grunn for utrekna gebyr

Formannskapet - 116/2014

FS - behandling:

Ordførar Karstein Totland gjekk gjennom saka.

Egil Kvingedal, V, sa seg ugild i saka.

Røysting:

Det vart samrøystes vedteke at Egil Kvingedal var ugild i saka.

Røysting:

Framlegg til vedtak frå rådmannen vart samrøystes vedteke.

FS - vedtak:

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Renovasjonsgebyr for 2015 i Masfjorden kommune (eks.mva) vert som følgjer:

Renovasjonsgebyr 2015	Rabatt/tillegg* Utan heimek.	Med heimek.**
Restavfall kvar 4. veke, 140 liter	kr 320,00	kr 2 520,00
Restavfall kvar 2. veke, 140 liter	Utgangspunkt	kr 2 840,00
Restavfall kvar 2. veke, 240 liter	kr 320,00	kr 3 160,00
Hytterenasjon		kr 1 420,00

* Rabatt/tillegg for sjeldnare tøming / større dunk er oppgjeve utan mva. kr 320,00 + mva. = kr 400.

** Rabatt for heimekompostering er kr 400 utan mva / kr 500 med mva.

Heimel

Ureiningslova §34.